



Leiar Tore Mathiesen serverar graut ved sesongslutt (Foto: Ola Matti Mathisen)

Måndag 20. januar klokka 19.00 startar Hobbyklubben ein ny sesong i Bedehuset og har nye og spennande aktivitetar som ein kan prøva seg på. Klubben sine kveldar varar frå klokka 19 til 20.30 og er ope for alle frå 5. klasse og oppover. Det er ingen øvre grense.

Her er ein stutt presentasjon av tilbodet:

- * Ei ny gruppe skal laga film
- * Hobbygruppa har ymse aktivitetar som å laga og måla ting.
- * Avisgruppa skal produsera eit fyldig sommarnummer av Uskedalsposten,
- * Friluftsgruppa skal sysla med speidaraktivitetar og laga ymse ting som ein har bruk for i naturen.
- * Matgruppa vil halda fram med ymse tradisjonsrettar som vert servert på slutten av kveldane.
- * Ei gruppe vil halda på med foto og film og ha som tema vinter og vår i Uskedalen.



Svanhild Haugland leiar songen i Bedehuset. (Foto: Ola Matti Mathisen)